

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	496
Land:	Kina
Kilde:	Landinfo
Titel:	Respons. Kina: Fastsetting av etnisitet for barn av foreldre med ulik etnisitet
Udgivet:	28. juni 2018
Optaget på baggrundsmaterialet:	31. august 2018



Respons

Kina: Fastsetting av etnisitet for barn av foreldre med ulik etnisitet

- Kva for ein etnisitet får eit barn fødd av foreldre med ulik etnisitet?

Bakgrunn

Folkerepublikken Kina har 56 anerkjente etniske grupper. Av dei er han-kinesarane den største med kring 92 % av befolkninga. Dei resterande gruppene vert kalla etniske (nasjonale) minoritetar (*shaoshu minzu*), og ein person sin etnisitet står mellom anna på ID-kortet hens.

Foreldra bestemmer barnet sin etnisitet

Om to personar av ulik etnisitet gifter seg og får barn, kan dei sjølve velje om barnet skal ha mor eller far sin etnisitet. Dette går fram av Forskrift for fastsetting av kinesiske borgarar sin etnisitet (*Guojia minwei, guowuyuan disici renkou pucha lingdao xiaozu, gonganbu guanyu Zhongguo gong minqueding minzu chengfen de guiding*). Der står det at:

§ 2: Ein person sin etnisitet må slåast fast ut frå far eller mor sin etnisitet.

§ 3: Om to borgarar av ulik etnisitet gifter seg og får (eller adopterer) barn, er det foreldra som fastset barnet sin etnisitet. Når barnet har fylt 18 år, kan hen sjølv velje etnisitet (mor eller far sin). Etter fylte 20 år, kan etnisiteten ikkje lenger endrast (Landinfo si omsetjing).

Forskrifta sin §8 (3) slår fast at barn med kinesisk statsborgarskap som er fødte i eit ekteskap mellom ein kinesisk og ein utanlandsk part, får same etnisitet som den kinesiske forelderen sin.

Om foreldra ikkje er gifte, kan andre reglar gjelde.

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responsar er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Respons **Kina: Fastsetting av etnisitet for barn av foreldre med ulik etnisitet**

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreingar av eit tema. Responsar er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responsar er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

Referansar

Skriftlege kjelder

- [Forskrift for fastsetting av kinesiske borgarar sin etnisitet] (2012, 28. august). *Guojia minwei, guowuyuan disici renkou pucha lingdao xiaozu, gonganbu guanyu Zhongguo gong minqueding minzu chengfen de guiding*. Tilgjengeleg frå http://zcfgs.seac.gov.cn/art/2012/8/28/art_3433_164529.html [lasta ned 26. juni 2018]

© Landinfo 2018

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.